



Arkivnr: 2015/232-11

Saksbehandlar: Anne Vedvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		11.11.2015

Søknad om etablering av 5 nye reserveløyve tilknytt Sveio Taxi DA

Samandrag

Sveio Taxi DA har ved brev av 05.10.2015 søkt om å få etablert 5 nye reservedrosjeløyve i sentralen. Samferdselsutvalet har fullmakt til å fastsetja løyvetal for ordinære drosjeløyve og reservedrosjeløyve, jf. delegasjonsreglementet.

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet godkjenner at det vert etablert 5 ny reserveløyve knytt til Sveio Taxi DA. Sveio Taxi DA skal stå som løyvehavar for reserveløyva.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 13.10.2015

Bakgrunn:

Sveio Taxi DA har ved brev av 05.10.2015 søkt om å få etablert 5 nye reservedrosjeløyve i sentralen og at sentralen skal stå som løyvehavar for desse løyva.

I dag er det 5 ordinære drosjeløyve og 2 reserveløyve knytt til Sveio Taxi DA, totalt 7 løyve fordelt på 5 løyvehavarar. Alle løyvehavarane har i dag i tillegg ein erstatningsbil med eige innmontert taksameter. Det går fram av yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd at:

«Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stede sette inn en annen vogn som fyller kravene i første og annet ledd. (...)»

Vilkåret for å nytta erstatningsbil er driftsstans på den ordinære drosjen som følgje av skade eller reparasjon. Det er vidare ein føresetnad at det er taksameter og taklykt i den ordinære drosjen som vert innmontert i erstatningsbilen. Dette har departementet presisert i brev til Hordaland fylkeskommune 19.02.2015 og presisert på nytt i e-post 27.08.2015. I praksis vil erstatningsbil berre vera aktuelt for lengre driftsstans, då flytting av dagens taksametertypar er kostbart, tidkrevjande og krev kontroll frå Justervesenet.

Praksisen med permanent erstatningsbil med eige taksameter er ikkje i tråd med gjeldande regelverk. Slik praksis opnar moglegheit for å driva drosje med fleire bilar enn løyve og det kan vera konkurransevridande. Ved brev av 17.04.2015 tilskreiv samferdselsavdelinga alle løyvehavarar i Hordaland som ein kjenner til har slik permanent erstatningsbil. Det vart orientert om regelverket og tolking av dette, og det vart sett frist for utmontering av ekstra taksameter til 1. august 2015. Det vart opplyst at etter dette tidspunktet vert slik praksis handsama som brot på regelverket.

Sveio Taxi DA søkte om utsett frist for utmontering og fekk innvilga dette. Samferdselsavdelinga har vitja sentralen og drøfta problemstillingar knytt til drift av distriktssentral. Drifta i Sveio dreier seg i hovudsak om kontraktskøyring og sjølv svært kort driftsstans fører til kontraktsbrot for sentralen. Gjeldande regelverk har ikkje unntak frå hovudregelen og av omsyn til likebehandling kan ein ikkje godta at distriktssentralar får høve til å halda fram med praksisen.

Som avhjelpande tiltak søker Sveio Taxi DA no om å få etablert 5 nye reservebilar i sentralen. Sentralen skal vera løyvehavar slik at sentralen har full kontroll med når løyva vert sett inn i drifta.

Fylkesrådmannen sine merknader:

Sveio Taxi DA har ingen ledige løyve. Løyvehavarane i sentralen har drive drosjeverksemnda med fleire bilar enn løyve, men etter samferdselsavdelinga si presisering av regelverket ynskjer dei no å innretta drifta etter dette.

Folketalet i Sveio er 5.509 personar. Dette gjev ei drosjedekning på omlag 1 drosje per 787 personar. Dekninga er under landsgjennomsnittet, men etterspurnad etter ordinære drosjeturar i kommunen er marginal. Ordinære drosjeløyve har som utgangspunkt driveplikt heile døgnet, heile året og det er ikkje knytt same fleksibilitet til ordinære løyve som til reserveløyve. Det er ikkje eit alternativ å etablere fleire ordinære drosjeløyve, då det ikkje er marknad som kan gje leveveg for fleire løyvehavarar i Sveio per i dag.

Hovudregelen er at det vert tildelt 1 ordinært drosjeløyve og 1 reserveløyve per løyvehavar, og at reserveløyve vert tildelt søkjar som allereie har hovudløyve. 2 av dagens løyvehavarar i Sveio Taxi DA har reserveløyve. Dei 5 nye reserveløyva skal etter søknaden ikkje utlysast internt blant løyvehavarane i sentralen, men eigast og administrerast av sentralen. Sveio Taxi DA er ikkje innehavar av ordinært drosjeløyve. Sentralen er organisert som eit DA, eigt av løyvehavar i fellesskap og desse har delt personleg ansvar. Ei tildeling av 5 reserveløyve vil i praksis vera ei tildeling til eksisterande løyvehavarar. Det vil vera fellesskapen, dvs. dagleg leiar i sentralen som administrerer når løyva er i drift. Slik vil ein sikra

kontraktoppfylling og samstundes unngå eventuell konflikt mellom løyvehavar ved at sentralen sine reserveløyve ikkje vil gå i konkurranse med eksisterande løyve eigd av den einssilde løyvehavar.